

Nasjonalparkar i levande bygder

Hovudmoment i innlegg på "Berekraftig bruk av Reinheimen"
Reindalssetra, 17.9.2008

Av
Erik Solheim

Mitt utgangspunkt

1. Nasjonalparkar har vi først og fremst for å verne natur – artar og landskap. Så langt er 14 prosent av landarealet vern, det meste over tregrensa. I nokre område må den naturlege utviklinga ha prioritet.
2. Noreg er i europeisk samanheng i ein spesiell situasjon: Vi har ein svært variert natur, og vi har lite eller ingen ting av tekniske inngrep i nasjonalparkane. I mange andre land, der areala i større grad har vore i bruk, er reservane av lite påverka areal mindre. Kulturlandskap i bruk, bygder og landsbyar er ofte med i nasjonalparkane, som gjerne har nokre indre kjernar av lite forstyrra økosystem, og som IUCN (Den internasjonale naturvernunionen) godkjenner i kategorien nasjonalparkar. Denne særstillinga bør Noreg halde på.
3. I nyare tid har nettverkstankegangen gjort seg meir gjeldande, basert på at mange artar treng store areal for å overleve sikkert på lang sikt. Den store Yellowstone nasjonalpark i USA (9000 km², i samanlikning er vår største nasjonalpark, Hardangervidda, 3400 km².) er omringa av fleire (4-7) gonger så store areal med restriksjonar, som National Forests.
4. Fridom til jakt, fiske og ferdsel til fots i inngrepfrie delar av nasjonalparkane, er ein liberal praksis i vårt samanlikna med dei fleste andre land.

Eg trur ikkje at nasjonalparkane kan berge bygdene åleine – halde bygdene med sysselsetting og inntekter. Men eg trur at nasjonalparkane kan vere til økonomisk hjelp med å halde livet gåande i dei bygdene som grensar til dei.

Eg trur på den andre sida ikkje at bygdene hadde hatt det noko økonomisk betre om vi ikkje hadde hatt nasjonalparkar. Den naturen som er verna, hadde stort sett gått ut av den økonomiske sirkulasjonen før det vart snakk om vern.

Årsakene til økonomisk stagnasjon i bygdene er ikkje mangel på areal, men lågt økonomisk utbytte av å drive areala. Bøar og beite gror att fordi det løner seg ikkje å drive dei, ikkje fordi det er forbod mot drift. Tilveksten i skogane er større enn hogsten. Kort sagt: Vi har ein biologisk produksjon som av økonomiske grunnar ikkje vert utnytta.

Situasjonen i jordbruket

I meir enn 50 år har norsk jordbruk slite med overproduksjon og prispress nedover. Svaret har vore å rasjonalisere produksjonen med større innsats av olje, maskinar, kunstgjødsel og annan syntetisk kjemi. Etter teorien skulle meir rasjonell (= arbeidssparande) drift gje høgre

inntekter. Men regelen i jordbruket har vore at rasjonaliseringsgevinsten kjem forbrukaren til gode, gjennom lågare prisar på matvarer. Dette ser vi i vårt land, i USA, i EU og andre rike land.

For å betale kostnadene med meir innkjøpte driftsmiddel, må produksjonen opp – slik at inntektene òg kan stige. Når den samla avsetninga ikkje kan auke, fordi alle er mette, må andre slutte når ein bonde utvidar drifta. Bondekannibalismen er innebygd i jordbrukspolitikken.

For å få meir liv i bygdene, treng vi meir ein annan landbrukspolitikk enn ein annan nasjonalparkpolitikk. Eg trur det økonomiske grunnlaget for bygdene er å levere ein del mat – ein del – ikkje mest mogeleg. Det må slått og beiting til for å halde skogen vekke frå bøyar og beite. Andre metodar vert for energikrevjande og økologisk uforvarlege. Eit lønsamt jordbruk i utkantbygdene krev meir entreprenørskap og at tilskota vert meir produksjonsnøytrale. Bøndene må få relativt meir for å drive areala, og mindre for å drive opp produksjonen.

Jordbruket lever på mange måtar i ein klassisk u-landsøkonomi, som leverandør av råvarer til – nesten – dumpingprisar, i ein marknad der kjøparen er den sterke. I 1952-1962 rasjonaliserte jordbruket 150 prosent. Så mykje steig arbeidsproduktiviteten, men bøndene tente stadig mindre enn andre yrkesgrupper. Ei sterk utbreiing av arbeidssparande teknikk har det vore dei siste tiåra òg. I år 2000 var lønsevna i jordbruket mindre enn 50 prosent av det industrien kunne betale, og relativt lågare enn i 1950-1960-åra. Nå ser vi det kjem opp mange nye fellesfjøs, som kanskje overlever, men i så fall gjennom ”permittering av tilsette”.

Norsk jordbruk har i etterkrigstida vore styrt av ein industriell tankegang: Større produksjon på kvart bruk av standardvarer (mjølk er mjølk og kjøt er kjøt), konsentrasjon og sentralisering av foredlingsindustrien, lite eller ingen ting av nyskaping og mental resignasjon. Mange krev at staten må syte for høg nok inntekt gjennom større tilskot. Dei har venta forgjeves i 50 år.

Dei økonomiske metodane som har lukkast i industrien, har ikkje gjort det i jordbruket. Mellom anna fordi jordbruket har ikkje kunna hauste gevinst av stordriftsfordelar gjennom rasjonalisering. Avgrensa avsetning for einsarta varer og eit sentralstyrt økonomisk regime utan stimulansar til nyskaping har gjeve mindre overskot å dele for stadig færre.

Ei kort skisse av ei annleis tilpassing

Regionen Emilia-Romagna på Posletta i Italia er 22 000 km² stor, om lag som Nord-Trøndelag. Der bur 3,9 millionar menneske. Vel 150 000 av dei er bønder. På dette slettelandet var for nokre år sidan 57 000 gardsbruk 10-50 dekar store, og nesten like mange mellom 50 og 200 dekar. Dette er heimlandet til Parmesanosten.

Talet på ysteri over eit areal som altså tilsvarende Nord-Trøndelag er (eller var for nokre år sidan) 880. 420 slakteri hadde dei, og 600 anlegg for produksjon av skinke og pålegg. Parmaskinka kjem frå same distriktet.

10 000 bønder leverer mjølk til Parmesan-ysteria, etter strenge krav til fôring og stell av dyra. Desse leverandørane oppnår nesten 50 prosent høgare pris på mjølka enn dei som leverer til den store meieriindustrien.

Dei klarer altså, med eit ettertrakta produkt, å få meir pengar ut av marknaden med småskala drift enn dei som leverer mjølk til konsum og andre standardprodukt. Parmesan-bøndene utnyttar smådriftsfordelane i gardsdrift og ysting, medan større og industrielle anlegg tek seg av lagring, vending, klassifisering og omsetning av osten. Gjennom denne prosessen klarer dei å handtere at kvart ysteri leverer sin eigenarta ost. Parmesan er ikkje einsarta som skorpefri Gauda.

Stikkord som karakteriserer opplegget er:

- små einingar i jordbruket og ystinga
- stordriftsfordelar i lagring og omsetning
- nettverkssamarbeid mellom produsentar og dei som tek seg av resten, og
- eigenart og kvalitet på produktet, som gjev høgare pris.

Nasjonalparkturisme for bygdeøkonomi

Eit grunnleggande utgangspunkt er, etter mi oppfatning, at dersom bygdene skal tene pengar på ein økonomisk aktivitet, må betalinga som kjem inn, først og fremst gå til dekning av produksjonsfaktorar i bygda. Typisk er at bygdene har overskot på folk, men manglar lønsame arbeidsplassar. Pengekapitalen, derimot, er generelt konsentrert i byar og tettstader. Men stor innsats av kapital i verksemda, går mykje av inntektene til å betale for den importerte kapitalen. Eit anna moment er at kapitalkrevjande anlegg ofte eignar seg for stordrift og oppkjøp av investorar utanfor bygdene. Heisane i Hemsedal starta som lokale tiltak, men har nå svenske eigarar.

Norsk turistreklame i utlandet er basert på at turistar kjem til vårt land for å oppleve naturen, rein og uforstyrta som dei oppfattar han. Denne naturen er ikkje berre område utan inngrep. Mange utlendingar ser på bygdelandskapa som ein del av den lite forstyrta naturen. Kulturen er eksotisk. Mykje tilseier at det er ikkje nye attraksjonar bygdene treng, men å presentere dei som er. Det trengst ikkje nye konstruksjonar i inngrepsfri natur. Eit fleirtal av utanlandske turistar svarde nei på spørsmål om dei ønskte bilveg inn til Briksdalsbreen i Oldedalen, Stryn. Frå parkeringsplassen må dei gå eller bli køyrde i små bilar (tidlegare hesteskyss) eit par kilometer inn til isen.

Turistane er ute etter det uvanlege, også mange norske. For høg kvalitet spør ikkje mange etter prisen. Med høg betaling for høg kvalitet trengst færre gjester. Til ein viss grad kan reisande vere ein marknad for nye matvarer frå garden eller lokalsamfunnet, i tillegg til den lokale eller regionale marknaden. Altså at turismen kan lette omlegging til eit småskalalandbruk utanfor den vanlege marknaden for standardvarer, og på den måten styrke basis for bygdeøkonomien. I Alpane er denne kombinasjonen vanlegare enn hos oss, men også i vårt land har fleire hatt suksess med han.

Nasjonalparkane hos oss er relativt anonyme. Forvaltninga har for liten kapasitet og pengar. Det trengst meir merking – først og fremst av kortare turar – i parkane, og meir tilgjengeleg informasjon om naturen. Eg trur det mange stader er rom for fleire gjester i nasjonalparkane. Der er nok areal utanfor dei meir ømtålige delane. Men folk må få vite kva dei kan gjere i nasjonalparkane, og kva dei ikkje kan gjere der. Dei fleste stadene er informasjonen mildt sagt mangelfull.

Mange har etablert seg som fjellførarar som tek nokre få med på ulike turar som gjestene ikkje meistrar åleine. Dette ser ut til å gje gode inntekter, både i område med masseturisme, som på Briksdalsbreen, og i meir vanskeleg tilgjengeleg strok, som Hurrungane. Reinsjakt kunne kanskje vere ein tilsvarende arena.

Jostedalen er eit godt døme på at breførarlaget gradvis har etablert seg som ei verksemd med relativt mange arbeidsplassar om sommaren, og også nokre heile året. Studentar frå bygda kjem tilbake for å tene pengar på fjellføring og kurs. Eit nytt hotell, ikkje stort, er samlingsplass for mange tilreisande. Etter fleire år med nedgang i folketalet har denne utviklinga snudd i ei bygd som snart er omringa av nasjonalparkar.

Våre nasjonalparkar, og bygdene omkring, har mange historier som nokon bør fortelje. På ferja til Geiranger er kanskje ei plate på høgtalaren det som er mogeleg. Men vi manglar vertar som på ein underhaldande måte kan fortelje direkte, mot betaling.

Naturvenleg turisme

Gjennom Innovasjon Noreg har Noreg slutta seg til Geoturisme-charteret, som er ei av fleire rettesnorer for grøn eller miljøvenleg turisme. National Geographic definerer geoturisme slik:

Turisme som tek vare på, forsterkar og framhevar den lokale eigenarten på ein stad – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kjem lokalsamfunnet til gode.

Dette er ei oppskrift på vedvarande næringsdrift gjennom måtehald i ressursbruken, sterke omsyn til økologiske verdiar og landskapskvalitetar, og respekt for kulturelle særpreg. Ei slik rettesnor samsvarer med det eg har sagt om lokal økonomi og med dei omsyn som gjeld i nasjonalparkar.

Å tene pengar på dei verdiane som naturen har å by på – fred, ro, vakre og uforstyrta landskap – kjem raskt i konflikt med å satse på motoriserte opplegg, også utanfor nasjonalparkane. Det er ikkje mogeleg å kombinere så motstridande opplevingar som stille og støy. Hytte- og heisanlegg inne tidlegare uforstyrta område, okkuperer landskapet på ein slik måte at andre opplevingar er mindre tilgjengelege.